



Ard arealplan AS
Domkirkegaten 3
5017 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/472 - 14/1669

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
17.02.2014

12602011000200 - områdeplan Austmarka/Storheim/Kalnes - utsending av vedtak

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk fatta 29. januar 2014 følgjande vedtak:

PLT-008/14 VEDTAK:

Områdeplan for Austmarka – Kalnes vert godkjent og kan leggjast ut til fyrste gongs høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Det må leggjast inn sikker tilkomst for gåande og syklande frå bustadareala i vest til Sæbø skule. Løysinga må inn både i plankartet og føresegnene med rekkjefølgjekrav om ferdigstilling før det vert gjeve bruksløyve på bustadane. Ny løysing skal godkjennast av rådmannen før det planen vert lagt ut.
2. Gang- og sykkelveg i frå BK13 og sørover mot Storheimsstø og ny bussterminal kryssar Storheimselva. Her må gang- og sykkelvegen teiknast inn med bru øve elva.
3. Køyrevegar inn til bustadfeltet skal vere nemnt som felles og ikkje offentleg.
4. Barnehage BH01 må ha ein buffer mot bustadareal BK04 nordom. Grøn stripe må inn i kartet.
5. Landbruksområde LL02 må endrast til felles friområde eller friluftsområde.
6. LB01 og LB02 ved Storheimsstø må endrast til LNF. Areal rundt eksisterande bustader kan få LNF-spreidd busetnad tillete.
7. Det må setjast av areal for teknisk anlegg for avløp i planen. Dette må inn i både kart og føresegner.
8. Arealføremål for boss plassar må ha kode 1550 i kartet ikkje 1560.
9. I Tjorehagen er det fleire bygg og her må inn eit delt føremål med park og byggjeområde for bygningar og anlegg.
10. Alternative føresegner utarbeidd av Radøy kommune skal nyttast i samband med høyringa med tillegg av tilpassing av dei endringane som vert gjort i planen.
11. Rådmannen får løyve til å redigere tekst og gjere språklege endringar for å få på plass konsistente plandokument før høyring.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-10.

Med helsing

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ard arealplan AS

Domkirkegaten 3 5017

BERGEN